

● Inviterer til landbrukskonferanse om m.a. jordvern

– Aldri Mosflata i dag

– Det hadde aldri vorte bygt ut industri på Mosflata med dei jordvernlovene vi har i dag. Mykje tyder også på at jordvernet vert endå sterkare.

Det seier leiar i Ørsta bondelag, Geir Hole. Og no ynskjer han og dei andre som står bak Landbrukskonferansen i Ørsta at det skal verte eit stort fokus på jordvern, og kva det nye lovverket medfører.

Jordvern vert eit viktig tema når Ørsta næringskontor, Ørsta kommune, Ørsta og Volda skogeigarlag og bondelaga inviterer til årets landbrukskonferanse. Han vart arrangert på Ørsta kulturhus 25. januar.

Det vert ordførarane Stein Aam i Ørsta, Jan Ove Tryggestad i Stranda og Stig Olav Lødemel i Hornindal som innleiar om jordvern som tema. Fra Bonde og småbrukarlaget kjem Merete Furuberg, medan Lars Petter Bartnes og Erlend Stabell Daling kjem frå Noregs bondelag. Dei skal snakke om nedbygging av landbruksareal, sett opp i mot jordvern og bu- og driveplikta. Vidare skal forskar Bjørn Egil Fø frå Norsk institutt for bioøkonomi førelesse om «tapte jorde», medan Ottar Longva frå landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal orientere om regelverket for bu- og driveplikt.

– Vi er heilt klart inne i ei tid der jordvernet vert meir sentralt. Og det må jo vere ei styrking for ei bygd som Ørsta at vi tett opp mot bygdesentrum framleis har dyrka jord i drift, seier styremedlem Odd Bjarne



KONFERANSE: Mellom anna ordførar Stein Aam, leiar Geir Hole i Ørsta bondelag, seksjonsleiar Liv Bente Viddal i Ørsta kommune, styremedlem Odd Bjarne Bjørdal i Møre og Romsdal bondelag og styreleiar Olav Aambøe i Ørsta og Volda skogeigarlag inviterer til landbrukskonferanse.

Bjørdal i Møre og Romsdal bondelag.

Han peikar dessutan på at vi globalt står overfor ein alvorleg situasjon for matforsyninga.

– Befolkinga i verda kjem til auke, og det gjer også matbehovet. Difor er det viktig at vi også i Noreg set søkjelyset på jordvern, og at den beste jorda ikkje skal byggjast ut, men brukast til matproduksjon, seier Bjørdal.

Landbrukskonferansen i Ørsta har også andre tema, som kvifor det skal satsast vidare på skogreising i skogbruket, og

innlegg om norsk mat, bruk av antibiotika og dyrevelferd.

Landbrukskonferansen vert leia av Jon Hustad, bondaling og journalist i Dag og Tid.

– Landbrukskonferansen er open for alle, og vi ynskjer alle velkomne, seier dagleg leiar Odd Magne Vinjevoll ved Ørsta Næringskontor.

I år er det ikkje påmelding til konferansen, men det kostar nokre hundre kroner å delta. Til gjengjeld vert det middags-servering.

RUNE SÆBØNES
rune@morenytt.no



MOSFLATA: Bondeorganisasjonane trur det neppe hadde vore lovleg å etablere industri på Mosflata i dag.

Skal stoppe snutebilla

Ørsta og Volda skogeigarlag er i ferd med å opprette ei prosjektstilling for å finne ut korleis nyplanting av skog skal skje i regionen. Ei av oppgåvene vert å finne middel mot snutebilla.

– Skogbruksnæringa har i dag tre store problem. Det eine er mangel på skogsvegar. Det andre er låge prisar og det tredje er oppattplanting av ny skog. Det er dyrt, og så slit vi med snutebilla, seier leiar Olav Aambøe i Ørsta og Volda Skogeigarlag.

Difor har no skogeigarlaget skoga tak i 650.000 kroner frå

Ørsta og Volda kommunar, fylkeskommunen og Allskog. Midlane skal brukast til å leige inn ein inspektør som skal kontrollere ymse forsøk på nyplanting, særleg i Dalsfjord-området,

– Vi testar mellom anna ut ymse metodar for å hindre at snutebilla går til åtak på nye granplanter. Snutebilla har vorte eit stort problem for oss, seier Aambøe.

Snutebillene eksisterte ikkje tidlegare på Vestlandet, men etter kvart som planteskogen frå 1950- og 1960-talet har grodd til, har snutebilla kome, og er no eit stort problem for skogeigarane.

RUNE SÆBØNES
rune@morenytt.no



VOKSING: Eitt av forsøka for å hindre åtak frå snutebiller, er å vokse nye skogplanter.